Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 19.12.2025
Vår ref: 2022/2141
Dykkar dato:
Dykkar ref:

WESTLAND WASTE AS
Sløvågen 2
5960 DALSØYRA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Rapport etter tilsyn hos Westland Waste, 16. oktober 2025
Kontrollnummer: 2025.287.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 16.11.2025 hos Westland Waste AS. (organisasjonsnummer: 927935694).

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet
Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast
Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Verksemda lagrar ikkje alt farleg avfall forsvarleg
- Avvik 2: Verksemda har ikkje merkt alt farleg avfall og farleg avfall er teke imot utan deklarering.

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1.

Verksemda må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 05.02.2026. Gjennomføring av tiltaka vil bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav merknader
Vi har følgjande merknader:
- Merknad nr 1: Lite areal for lagring innandørs fører til risiko for uforsvarleg lagring.

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Westland Waste må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2023/8717.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda lagrar ikkje alt farleg avfall forsvarleg

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet:	Vilkår 9.2.2 generelle krav til handtering
Avfallforskrifta:	§11-5 om forsvarleg handsaming Kapittel 11, vedlegg 4, punkt 1d)
Internkontroll-forskrifta:	§5 punkt 6 om risikovurdering og punkt 7 plikt til å registrere og følgje opp avvik

Om krava

Løyvet

All handtering[1] av avfall skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn eller overflatevatn.

All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining.

Bedrifta skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.

Alt avfall, uavhengig av mengde, skal handterast og lagrast innandørs og på tett dekke[2] med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom bedrifta kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

[1] Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling. Omgrepet omfattar likevel ikkje lagring i påvente av levering hos verksemda som sjølv har generert avfallet.

[2] Med tett dekke er meint fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

Avfallsforskrifta
Farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Anna lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like god miljøvern.

Internkontrollforskrifta
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga. Registrering og oppfølging av avvik er sentral del av dette arbeidet.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

- Verksemda lagrar farleg avfall utandørs og på ein måte som kan gi avrenning til sluk.
    - På tilsynsdagen lagra verksemda EE-avfall og blybatteri utandørs like ved sluk.
    - Verksemda lagra store mengder farleg avfall (i hovudsak avfallstoffnummer 7025) utandørs, både i IBC og i opne containarar, utan at det var gjort risikovurdering som viste at lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern som lagring innandørs.
- Verksemda separerer avfallstoffnummer 7025 under tak i ein prosess som vil kunne gi søl på område med avrenning til oljeutskillar (ikkje tett tank).
- Verksemda har ikkje eit kart som viser kvar ulike avfallstypar er lagra.
- På tilsynsdagen 16.10.2025 var det lagra farleg avfall som blei motteke 22.09.2025 som enda ikkje var kontrollert. Dette er også i strid med verksemda sin prosedyre for mottak som seier at *«ved arbeidsdags slutt skal alt avfall som ikkje er ensartet ved mottak, være gjennomgått, sortert og plassert på riktig lagerplass.»*
- Det er lagra farleg avfall innandørs utan moglegheit til å gå imellom. Dette gjer det umogleg å gjennomføre inspeksjon av avfallet og gjer det vanskeleg å oppdage eventuelle lekkasjar, skader på emballasje mv.
- Det er lagra farleg avfall i dårleg/skada emballasje som kan bryte saman. I verksemda si rutine står det: *«Kontroller at emballasjen er tilfredsstillende, tett og hel. Dersom fat / emballasje er ødelagt, overfylt eller «blåst» skal dette om emballeres i egnet emballasje.»* Verksemda si rutine er ikkje etterlevd i praksis.
- Verksemda måler ikkje H_2S ved mottak av avfallsstoffnummer 7025 slik deira eige prosedyre seier. På tilsynsdagen vart ein tilfeldig IBC opna. Denne gav alarm på H_2S. Utvikling av gass i lagra farleg avfall medfører auka risiko ved lagringa.
- Brota på regelverket er ikkje registrert som avvik.

Avvik 2: Verksemda har ikkje merkt tilstrekkeleg alt farleg avfall og farleg avfall er teke imot utan deklarering

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet:	Vilkår 9.2.2 generelle krav til handtering
Avfallsforskrifta:	§11-5
Internkontrollforskrifta:	§5 punkt 7 plikt til registrere og følgje opp avvik

Om krava

Løyvet

Lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.

Avfallsforskrifta §11-5

Farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Internkontrollforskrifta

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og hindre brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga. Registrering og oppfølging av avvik er sentral del av dette arbeidet.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda har ikkje merka tilstrekkeleg alt farleg avfall:

- På tilsynsdagen var det både ny og gammal merking på somme IBCar som gjorde det vanskeleg å vite kva IBCen inneheldt. Den gamle merkinga skulle vore teke av.
- Somme IBCar hadde ingen merking.
- Fleire containerar som vart brukt til mellomlagring var ikkje merka.

Verksemda si rutine for mottakskontroll seier mellom anna:
«Ved mottak skal følgende gjøres:
Mottak defineres her som avfall som leveres direkte til vårt anlegg fra kunden eller ankommer med egne sjåfører. Sørge for at deklarasjonen er tilfredsstillende utfylt, eller korriger den i avfallsdeklarering. Kontroller at alt avfall er korrekt merket med eget deklarasjonsnummer og fareseddel og at det er samsvar mellom det som står på deklarasjonsskjema og det som leveransen inneholder. Alt avfall som ikke er merket skal merkes. Kolliene skal merkers for å sikre sporbarhet.
Påse at det ikke er rester av avfall på utsiden av emballasjen og at gamle merker er fjernet. [.....] Påse at avfallet er korrekt merket med deklarasjonsnummer og fareseddel» Verksemda si rutine er ikkje etterlevd.

Verksemda har ikkje deklarert alt farleg avfall:

- På tilsynsdagen var det malingsspann som ikkje var deklarert.

Merknad 1: Lite areal for lagring innandørs fører til risiko for uforsvarleg lagring

Det er liten kapasitet på anlegget til å lagre avfallet innandørs. På tilsynsdagen var det lagra 482 tonn farleg avfall, dette er under kravet i løyvet på 600 tonn. Når det er liten kapasitet på anlegget til å lagre avfall innadørs, vil det vere risiko for uforsvarleg lagring utandørs.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Westland Waste AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 16.10.2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er gjennomført fordi verksemda nyleg har fått løyve. Dette er det første tilsynet etter oppstarten.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Astrid Holte
- Kristin Espeset

Observatør: Linnea Thomassen

Kontaktperson hos verksemda:

- Kristian Fivelstad Eide

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Westland Waste AS – mottak av farleg avfall
- Westland Waste AS – sorteringsanlegg for ordinært avfall

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- kjemikaliehandtering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Prosedyre for mottak av avfall
- Risikoanalyse for lagring
- Risikoanalyse for mottak

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Verksemda har krav i tillatelsen om å gjere ei utgreiing om utslepp til vatn. Dette blir fulgt opp som en eiaga sak.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK